

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 14.09.2021
SAKSHANDSAMAR: Kent E. Wangsvik m. fleire
SAKA GJELD: **Rapportering frå verksemda per august 2021**

ARKIVSAK: 2021/293
STYRESAK: **081/21**

STYREMØTE: **30.09.2021**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. august 2021 til etterretning.

1. Kva saka gjeld

Rapporten presenterer rapportering frå verksemda per 31. august 2021.

Grunna pandemien vil nokre av indikatorane knytt til kvalitet og aktivitet bli samanlikna med tilsvarande tal frå 2019.

2. Hovudpunkt og vurdering av handlingsalternativ

Målekort

Målekort Helse Vest - august 2021		Nasjonale mål	Denne periode		Måloppnåelse	Hittil i år		Måloppnåelse
			Faktisk	Mål HV		Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	60	70	50		63	50	
	Ventetid - VOP	45	51	40		39	40	
	Ventetid - BUP	40	61	35		46	35	
	Ventetid - TSB	35	32	30		28	30	
Andel kontakter passert planlagt tid		9,70 %						
Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer		71 %				76 %		
Korridorpasienter somatikk		1,40 %		0			0	
Aktivitet:			Tall i fjor	Endring mot fjoråret		Tall i fjor	Endring mot fjoråret	
Somatikk	Døgnopphold	13 221	12 317	7,3 %	105 977	99 513	6,5 %	
	Dagopphold	4 898	4 625	5,9 %	42 017	36 924	13,8 %	
	Poliklinikk	100 478	95 307	5,4 %	866 145	756 016	14,6 %	
Psykiatri	Døgnopphold	805	747	7,8 %	6 613	6 558	0,8 %	
	Dagopphold	78	78	0,0 %	588	652	-9,8 %	
	Poliklinikk	34 930	32 138	8,7 %	315 916	291 538	8,4 %	
TSB	Døgnopphold (ekskl. private)	116	124	-6,5 %	996	1 037	-4,0 %	
	Dagopphold	2	3	-33,3 %	13	24	-45,8 %	
	Poliklinikk	7 444	7 897	-5,7 %	65 085	72 987	-10,8 %	
Bemanning	Brutto månedsverk	24 531	23 819	3,0 %	23 993	23 302	3,0 %	
	Sykefråver (forrige måned)	5,5 %	5,6 %	7,1 %	7,4 %	7,5 %		
Økonomi	Resultat	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap	Budsjett	Avvik	
		17 219	38 574	-21 355	539 468	468 828	70 640	

Koronapandemien

Med jamleg aukande vaksinasjonsgrad er risikoen for populasjonen i helseregionen avtakande. Vaksine gjev god beskyttelse mot alvorleg sjukdom og død, og tal innleggingar i sjukehusa er langt mindre enn tal smitta skulle indikere. Sjølv om smittetala blant de yngste, til dels uvaksinerte, er høg – har desse svært låg risiko for alvorleg sjukdom. I Norge anslås nå pr 26.09.21 R-talet til å være under 1.

Ventetider og fristbrot

Gjennomsnittleg ventetid for behandling starta for alle fagområde var 68 dagar i august, noko som skuldast etterslep grunna lågare elektiv aktivitet i sommarmånadane enn i dei andre

månadene av året. Ventetida var om lag 2 dagar lågare enn gjennomsnittet for august 2020. Basert på historiske tal er det forventat at trenden vil snu i september. Det er satt i verk eit omfattande arbeid med fagleg prioritering og vurdering av dei pasientkontaktane som blir utsett som følgje av pandemien. Helseføretaka har satt i verk fleire tiltak for å handtere pasientar på venteliste, inkludert for pasientar som allereie er i eit forløp (vidare kontroll og oppfølging eller planlagt elektiv aktivitet).

Innan somatikk var ventetida om lag 70 dagar i august, noko som er 2 dagar lågare enn gjennomsnittet i august 2020. Alle dei fire helseføretaka hadde ei gjennomsnittleg ventetid som var høgare enn det nasjonale målet på 50 dagar. Den lågaste ventetida finn ein i Helse Bergen HF med 66 dagar.

Innan psykisk helsevern for vaksne (PHV) var ventetida om lag 51 dagar i gjennomsnitt i august, og markant opp frå førre månad. Dette er og kring 7 dagar høgare gjennomsnitt enn same månad i 2020, og langt unna kravet på 40 dagar. Av dei fire helseføretaka var det berre Helse Førde HF (38 dagar) som hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 40 dagar eller lågare, for dei som starta behandling i august.

Innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP) var ventetidene i august om lag 61 dagar, noko som er ei markant auke samanlikna med førre månad, og eit godt stykke unna målet om 35 dagar. Heller ikkje i august var det nokon helseføretak som klarte å nå denne målsettinga. I august 2020 var den samla gjennomsnittlege ventetida til samanlikning 48 dagar. Det har vært ei auke i tal tilvisingar til BUP sidan hausten 2020.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) var ventetida i august 32 dagar, noko som er rett ovanfor målet på 30 dagar. Alle helseføretaka låg kring 30 dagar i gjennomsnitt eller lågare, medan gjennomsnittet for dei private tilbydarane med avtale var om lag 44 dagar.

Prosentdelen fristbrot for dei som har fått starta helsehjelpa auka gradvis frå 2,4 % i februar 2020 til heile 12,0 % i mai 2020. Frå august gjekk prosentdelen fristbrot igjen ned, og var nede på 4,2 % i desember. Fram til april 2021 har prosentdelen fristbrot heldt seg høvesvis stabilt kring 6 %, men steig då til 6,9 %, for så å søkke til 5,1 % i juli 2021. I august 2021 steig prosentdelen til 7,1 %. Prosentdelen ventande med fristbrot har stege frå 4,3 % i juni til 6,7 % i august 21. Som tidlegare rapportert er det framleis ein del variasjon i prosentdelen fristbrot for behandling starta mellom helseføretaka, og i august varierer delen frå 3,5 % til 13,0 %. Kring 99 % av alle fristbrota har funne stad innan somatikk.

Pasientbestemte utsettingar og medisinsk grunna utsettingar blir ikkje registrert som fristbrot. I dei tilfella der helseføretaka utsett utgreiing og behandling på grunn av kapasitet/prioritering/beredskapsarbeid, blir dette registrert som fristbrot dersom fristdato er overskriden.

Ein gjennomgang viser at trenden i høve til langtidsventande (>365 dagar), som i hovudsak har peikt nedover sidan oktober 2020 (593 langtidsventande), har «flata ut» kring 220 langtidsventande i perioden juni – august. Arbeidet med å redusera dette fortsett.

Kreftbehandling

Det er stilt krav om at minimum 70% av alle kreftpasientar skal være meldt inn og registrert i pakkeforløp kreft. Helse Vest har stabilt god måloppnåing for dette kravet og når 87% i august måned.

Samla resultat for gjennomføring av pakkeforløp i Helse Vest er i august på 71%. Dette er ein nedgang frå juli måned, men framleis over målet på 70%. For juli var samla resultat på 79%. Hittil i 2021 har Helse Vest ei måloppnåing på 76%. Nedgangen i august skuldast i stor grad nedgang i resultata i pakkeforløp for prostata-, bryst- og nyrekreft. Helse Førde og Helse Fonna når heller ikkje i august målet for pakkeforløp brystkreft, men fordi Helse Bergen har betra resultata sine for dette forløpet i 2021 har Helse Vest samla sett betra resultata sine for dette forløpet i løpet av 2021. Samla sett når alle føretaka i regionen kravet om 70% måloppnåing i august.

Tabellen under viser utvikling resultat for heile regionen fram til og med august 2021, og rangerer forløpa målt i talet på forløp. I tillegg er resultata vekta¹.



*Kvartalet er ikke avsluttet, inneholder kun data til og med august 2021

Vektet gj.snittlig måloppnåelse for Helse Vest RHF: OF4 - Tid fra start pakkeforløp til start behandling

Tidsperiode Pakkeforløp	2020			Q1, 2021			Q2, 2021			Q3, 2021*		
	Indikator	Ant.	Var. HF	Indikator	Ant.	Var. HF	Indikator	Ant.	Var. HF	Indikator	Ant.	Var. HF
Prostatakreft	68 %	859	34% - 94%	78 %	233	15% - 100%	76 %	204	26% - 88%	66 %	120	58% - 100%
Brystkreft	65 %	781	0% - 73%	59 %	211	41% - 72%	69 %	245	56% - 100%	69 %	111	50% - 80%
Tykk- og endetarmskreft	74 %	772	60% - 87%	75 %	206	62% - 95%	73 %	215	56% - 86%	70 %	120	49% - 91%
Malignt melanom	86 %	733	74% - 97%	91 %	184	80% - 100%	87 %	211	75% - 90%	91 %	157	86% - 100%
Lungekreft	71 %	484	63% - 86%	73 %	124	33% - 90%	70 %	135	48% - 100%	74 %	114	50% - 88%
Blærekreft	91 %	328	86% - 97%	96 %	100	90% - 100%	95 %	83	86% - 100%	88 %	57	75% - 100%
Lymfomer	67 %	153	47% - 100%	72 %	50	40% - 80%	83 %	54	75% - 100%	63 %	27	44% - 100%
Hode- halskreft	70 %	167	50% - 93%	58 %	36	38% - 67%	50 %	40	20% - 61%	86 %	29	0% - 100%
Nyrekreft	67 %	148	0% - 77%	73 %	48	50% - 100%	73 %	41	60% - 100%	67 %	18	50% - 83%
Livmorkreft (endometrie)	77 %	148	44% - 88%	83 %	42	82% - 88%	89 %	36	50% - 100%	80 %	25	50% - 100%
Eggstokkreft (ovarial)	89 %	122	82% - 100%	92 %	26	87% - 100%	92 %	26	85% - 100%	81 %	27	75% - 100%
Kreft i spiserør og magesekk	83 %	114	67% - 89%	86 %	22	50% - 100%	77 %	22	50% - 92%	95 %	19	75% - 100%
Bukspyttkjertelkreft	72 %	100	20% - 79%	82 %	28	50% - 100%	80 %	20	50% - 100%	90 %	20	86% - 100%
Livmorhalskreft (cervix)	68 %	59	0% - 71%	41 %	17	36% - 50%	71 %	17	33% - 100%	44 %	9	25% - 100%
Hjernekreft	87 %	62	67% - 100%	88 %	17	0% - 100%	100 %	12	100% - 100%	80 %	5	67% - 100%
Skjoldbruskjertelkreft	45 %	49	33% - 100%	53 %	17	0% - 75%	32 %	19	0% - 42%	27 %	11	0% - 30%
Testikkelkreft	59 %	56	0% - 100%	47 %	15	17% - 100%	71 %	14	67% - 100%	50 %	6	0% - 100%
Myelomatose	81 %	59	67% - 100%	100 %	10	100% - 100%	88 %	16	50% - 100%	80 %	5	0% - 100%
Sarkom	77 %	47	0% - 100%	80 %	10	80% - 80%	83 %	6	83% - 83%	88 %	8	88% - 88%
Kronisk lymfatisk leukemi (KLL)	80 %	40	67% - 83%	100 %	7	100% - 100%	83 %	6	67% - 100%			
Kreft hos barn	89 %	36	86% - 91%	40 %	5	0% - 100%	80 %	5	50% - 100%	83 %	6	75% - 100%
Akutt leukemi og høyrisiko myelodysplasi	70 %	40	50% - 100%	83 %	6	67% - 100%	0 %	1	0% - 0%			
Galleveiskreft	81 %	27	0% - 100%	100 %	5	100% - 100%	100 %	6	100% - 100%	100 %	7	100% - 100%
Primær leverkreft (HCC)	19 %	16	0% - 25%	0 %	1	0% - 0%	70 %	10	33% - 86%	33 %	3	33% - 33%
Nevroendokrine svulster	94 %	17	93% - 100%	100 %	5	100% - 100%	50 %	6	50% - 50%	0 %	1	0% - 0%
Peniskreft	76 %	17	0% - 100%	100 %	2	100% - 100%	100 %	7	100% - 100%	0 %	2	0% - 0%

¹ Eksempel: Helse Bergen har 80% måloppnåing (80 av 100 pasientar). Helse Fonna har 100% måloppnåing (3 av 3 pasientar). Uvekta snitt: 90%, Vekta snitt 80,6%.

Prioriteringsregelen

I august 2021 nådde ein ikkje målsettinga for ventetid innan korkje somatikk, PHV, BUP eller og TSB. Det er venta at ventetidene igjen vil peike nedover frå september.

Mål for kostnadsvekst i 2021 er at det innan psykisk helsevern og TSB skal være ein vekst som er høgare enn kostnadsvekst for somatikk i 2019, dvs. høgare enn 5,4%.


Tabell 2. Kostnader fordelt på tjenesteområder. Kilde: RHFets regnskap.	2021 vs 2020 1.tertial %-end.
Somatikk	6,3 %
Psykisk helsevern voksne (PHV VOP)	3,3 %
Psykisk helsevern barn og unge (PHV BUP)	7,9 %
Tverrfaglig spesialisert rusbehandling (TSB)	3,0 %

Innan psykisk helsevern barn og unge er det ein positiv utvikling og Helse Vest er i tråd med prioriteringsregelen. Når det gjeld psykisk helsevern vaksne og tverrfagleg spesialisert rusbehandling er ikkje måla nådd. Helseføretaka har i sine budsjett tatt høgde for å innfri prioriteringsregelen. Det er tidleg i året og det er venta at føretaka skal innfri prioriteringsregelen i tråd med målkravet.

Det har samla sett vore ei auke i den polikliniske aktiviteten til no i 2021 innan tre av dei fire fagområda samanlikna med i 2020. Den særst låge aktiviteten i mars og april 2020 er medverkande til dette resultatet. Dersom ein i staden samanliknar med aktiviteten i same periode i 2019, så ser ein framleis aktivitetsvekst innan somatisk sektor og BUP. Innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP) er aktivitetsnivået heile 13,7 % høgare enn per august 2019. Aktivitetsveksten innan somatikk er på 8,5 % samanlikna med 2019, og alle dei fire helseføretaka har eit høgare aktivitetsnivå. Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) og psykisk helsevern for vaksne (PHV) var aktivitetsnivået høvesvis -3,6 % og -1,5 % lågare enn til same tid i 2019. Av helseføretaka har Helse Bergen ein svak aktivitetsvekst innan PHV samanlikna med 2019. Innan TSB har Helse Stavanger HF ei auke i poliklinisk aktivitet samanlikna med 2019.

Aktivitet

Som tidlegare rapportert så medførte koronautbrotet ein markant nedgang i den somatiske aktiviteten i perioden mars til mai 2020 både innan døgntil behandling, dagbehandling og den polikliniske aktiviteten. Utslaga var størst i mars og april, medan det var ei auke i aktiviteten frå juni 2020. Figuren under viser utviklinga i samla tal sjukehusopphald og polikliniske konsultasjonar per måned i 2019, 2020 og 2021.



Somatikk

Per august 2021 var den samla aktiviteten i (døgntil, dag og poliklinikk) 6,7 % høgare enn til same tid i 2019. Ser ein på aktiviteten per omsorgsområde samanlikna med 2019 så er aktivitetsutviklinga -3,7 % for døgntil opphald, -1,0 % for dagopphald og 8,5 % for polikliniske konsultasjonar. Bruken av telefon- og videokonsultasjonar har bidrege til at nedgangen er mindre på poliklinikkane.

I august 2021 isolert var den polikliniske aktiviteten 4,9 % høgare enn i august 2019, 7,6 % høgare for dagbehandling og 0,4 % høgare for døgntil opphald.

Psykisk helsevern

Innanfor psykisk helsevern for vaksne var aktivitetsnivået per august 2021 -4,6 % lågare for døgntil behandling, og -1,4 % lågare på poliklinikk enn i 2019.

Innanfor psykisk helsevern for barn og unge er behandlinga i all hovudsak poliklinisk. Per august 2021 var det polikliniske aktivitetsnivået 13,6 % høgare enn i 2019. Sjølv om talet

pasientar er lågt, så er talet utskrivne etter døgnbehandling innan BUP prosentvis markant høgare enn i 2019 og 2020.

For psykisk helsevern samla var aktivitetsnivået per august -1,2 % lågare for døgnbehandling og 3,7 % høgare for poliklinisk aktivitet enn per august 2019.

TSB

Per august 2021 var den polikliniske aktiviteten innanfor TSB hjå HF-a -3,6 % lågare enn i 2019. Når det gjeld døgnbehandlinga så var aktiviteten heile 30,9 % høgare (verksemdoverdraging av Bergensklinikken til Helse Bergen HF i desember 2019 påverkar tala).

Sjukefråvær


Per august 2021 var det samla sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest på 5,57 %. Det sjukemeldte fråværet for august 2021 var på 4,89 %. Av samla sjukefråvær i august 2021 utgjer koronarelatert fråvær 0,07 %. Det vil sei at samla sjukefråvær for føretaksgruppa utan koronarelatert fråvær i august 2021 er på 5,50 %. Sjukefråværet for august 2021 er målt 9. september. Det er eit etterslep på sjukefråværsregistreringa. *Sjukefråværet for august 2021 vil difor vera høgare lenger ut i september.*

Samla sjukefråvær for føretaksgruppe Helse Vest i august 2020 var på 7,08 %. Av samla sjukefråvær i august 2020 utgjer koronarelatert sjukefråvær 0,14 %. Det gir eit samla sjukefråvær i august 2020 på 6,94 %. Utan koronarelatert sjukefråvær er det samla sjukefråværet 1,44 % lågare i august 2021 enn i august 2020.

Det er 6,2 % meir moglege dagsverk i august 2021 enn i august 2020. Det er meir sjukefråværsdagar i august 2020 enn i august 2021. I august 2021 utgjer koronarelatert sjukefråvær 1,7 % av samla sjukefråværsdagar, medan det koronarelaterte sjukefråværet i august 2020 utgjer 2,6 % av samla sjukefråværsdagar.

Sjukefråværet i prosent vil vere høgare i feriemånader enn andre månader grunn ferieavvikling som gir lågare tal moglege dagsverk. Sjukefråvær som er ein viss lengde vil i større grad påverke sjukefråværsprosenten med høgt tal medarbeidarar som har ferieavvikling.

Utvikling over tid for sjukefråværsprosent i august:



Talet på medarbeidarar i karantene har gått jamt nedover over tid. Det er også kjend at ein del av medarbeidarar som blir vaksinerte har hatt litt frávær i tilknytning til vaksineringa. Kor stor del av eigenmeldt frávær dette utgjer, veit vi ikkje heilt sikkert. Vaksinasjonsgraden i helseføretaka er svært god og det er god tilslutning til å ta vaksine som er tilbod frå helseføretaka. Mange medarbeidarar har og fått tilbod om vaksine gjennom kommunane. Det har vore smitteutbrot langs Vestlandet som har medført frávær for medarbeidarar, (det har vært nødvendig å ta omsyn til smitte i familie, skule osv.).

HMS/kvalitet

For HMS-området var det 669 saker hittil per august 2021 som *ikkje er fordelt på type* hendingar. Kor stor del av desse sakene som vil bli fordelt til HMS området vil komme fram etter kvart som dei er kategorisert. Når alle saker er endeleg fordelt på hendingstype, vil det mest sannsynleg bli balansert ut på om lag same nivå som i 2020. HMS er fast sak i månadleg PO-direktørmøter med føretaka.

Vald, truslar og trakassering mot tilsette hittil i år per august 2021 er totalt 1 492, det er 278 færre enn i same periode i 2020. Hittil per august 2021 er det meldt inn 143 truslar om drap, medan det var 196 i same periode i 2020. Truslar om vald hittil per august 2021 er 247, medan det var 367 truslar om vald i same periode 2020. Det kan komme registreringar i ettertid, uavhengig av tal meldte hendingar. Det er likevel viktig å påpeike at det den siste tida har vært nokre svært alvorlege hendingar i to av helseføretaka.

«Uønskte hendingar – pasientrelatert samla» hittil i år per august 2021 er totalt 10 262, det er 1 234 færre tilfelle samanlikna med same periode 2020. Meldte saker *Ide til forbetring* hittil per august 2021 er 1 287. I same periode 2020 var det 1 591 meldte saker *Ide til forbetring*.

Økonomi

Det samla resultatet for føretaksgruppa er for august 2021 på 17,2 mill. kroner. Det er eit negativt budsjettavvik på om lag 21,4 mill. kroner. Hittil pr. August er resultatet på omlag 539,5 mill. kroner som er 70,6 mill. kroner høgare enn budsjettet.

Helse Vest fekk tildelt øyremerkte midlar på 398,4 mill. kroner til å handtere Covid-19 beredskap for budsjett 2021. Per august har helseføretaka inntektsført 257,7 mill. kroner av desse midla. Attverande midlar for å handtere økonomisk konsekvens i helseføretaka frå Covid-19 utgjør 44,9 mill. kroner. I tillegg har Helse Vest RHF satt av 60 mill. kroner til å handtere storvolumtesting/analyse, samt 31,8 mill. kroner for å handtere økonomisk konsekvens hos dei private.

I tillegg fekk Helse Vest i revidert nasjonalbudsjett tildelt kr 248 mill. kroner i kompensasjon for bortfall av aktivitetsbaserte inntekter (ISF). Av desse midlar er 195,6 mill. kroner fordelt og inntektsført i helseføretaka i juni månad. Den resterande delen av desse midlane på 52,4 mill. kroner vil bli vurdert og fordelt opp mot utviklinga i ISF-aktiviteten i hausten 2021.

Helse Stavanger har ikkje utlikna budsjettavvika fullt ut per august med Covid-19 midlar, da deler av budsjettavviket skuldast forhold som ikkje er direkte relatert til Covid-19. Det er knytt til andre pasientrelaterte inntekter, medikamentkostnader og lønnskostnader. Føretaket har attverande Covid-19 midlar som ikkje er inntektsført på 24,3 mill. kroner. Helse Fonna har i august brukt opp midlane og rapporterer eit negativt avvik frå budsjett på 18,2 mill. kroner. Føretaket har eit negativt avvik på dei pasientrelaterte inntektene på 11,6 mill. kroner i august, i tillegg har dei eit negativt budsjett avvik knytt til kjøp av varer og tenester og innleige vikarbyrå på 11,3 mill. Kroner og 5,7 mill. kroner.

Helse Bergen melder eit negativt avvik per og i august på 19,4 mill. kroner. Føretaket har framleis 20,6 mill. kroner igjen av Covid-19 midlane. Helse Førde har eit avvik på 2,9 mill. kroner og har brukt opp Covid-19 midlane.

Resultatet pr. august er som følgjer pr. føretak:

	August			Hittil i år		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Helse Stavanger	3 435	12 083	- 8 648	73 061	96 667	- 23 606
Helse Fonna	- 15 395	2 833	- 18 228	- 6 315	22 667	- 28 982
Helse Bergen	- 6 860	12 500	- 19 360	80 640	100 000	- 19 360
Helse Førde	- 264	2 833	- 3 097	19 808	22 667	- 2 858
Sjukehusapoteka VEST	- 272	1 143	- 1 415	12 620	3 039	9 581
Helse Vest IKT	- 1 564	4 585	3 021	8 384	4 321	12 705
Helse Vest Morselskap	38 139	11 766	26 373	351 270	228 110	123 160
Til saman	17 219	38 574	- 21 355	539 468	468 828	70 640

Når dei øyremerkte midla for 2021 saman med dei nye midlane på 248 mill. kroner er brukt opp, vil det oppstå eit negativt resultatavvik. Eit resultatavvik opp mot om lag 338 mill. kroner, som svarer til den positive Covid-19-løyvinga i 2020, vil vere eit «styrt budsjettavvik».

Det er usikkerheit knytt til kor lenge pandemien vil vare og den økonomiske konsekvensen av dette. Dette er eit forhold som ein må komme tilbake til. Vi har førebels ingen vurderingar som tilseie at resultatet for året skal avvike vesentleg frå budsjett.

3. Administrerande direktør si vurdering

Dei helsefaglege indikatorar, særleg innanfor somatikk, er framleis prega av Covid-19.

Samanlikna mot same tid i fjor er den samla aktiviteten innanfor somatikk høgare i år enn i fjor per august. Auken i døgnopphald er på 7,3 % og dagopphald på 5,9 %. ISF-konsultasjonar er 5,4 % høgare enn same tid i fjor.

Innafor psykisk helsevern vaksne er den samla aktiviteten høgare enn same periode i fjor. Aktiviteten er derimot noko lågare enn same tid i 2019. Innanfor barn og unge som i all hovudsak er poliklinisk, er aktiviteten høgare enn same periode i 2020 og 2019.

Den samla polikliniske aktiviteten innanfor TSB er lågare enn same periode i fjor. Tal utskrivningar døgnbehandling er høgare enn tilsvarande tal i 2019.

Ventetider for somatikk (behandla) var i august på 70 dagar, noko som heng saman med sommarferieavviklinga og prioritering som følgje av det. Ventetider innan psykisk helsevern vaksne var på 51 dagar, som er vesentleg høgare enn gjennomsnittet hittil i år på 39 dagar og det regionale målkravet på 40 dagar. Ventetider for psykisk helsevern for barn og unge var i august på 61 dagar, som er vesentleg høgare enn målkravet på 35 dagar og gjennomsnittet hittil i år på 46 dagar. Ventetider for tverrfagleg spesialisert rusbehandling låg i august på 32 dagar, som er 2 dagar meir enn målkravet på 30 dagar.

Prosentdel fristbrot er framleis høg på 7,1%. Det er stor variasjon mellom føretaka og nær 99% av fristbrot er innanfor somatikk.

Resultatet akkumulert pr. august viser eit positivt avvik i forhold til budsjett. Årsresultatet til føretaksgruppa er forventa å bli om lag som budsjettert, med unnatak av budsjettavviket som knytte seg til Covid-19-løyvinga frå 2020.

Vedlegg:

1. Talgrunnlag og analysar